



Nipo Haukeland Beitelag
Gamlagjerdet 5
5357 FJELL

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/7208 - 20/15033

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

17.03.2020

Til beitelaga i Alver - Orientering om tilskotsordninga til investeringar i beitefelt 2020

Dette brevet er sendt til beitelaga som er registrert med Alver som sakshandsamande kommune.

Nytt om tilskot til tiltak i beitelaga frå 2020

Kommunane fekk frå 1. januar 2020 ansvar for tilskot til tiltak i beitelaga. Det betyr at kommunen skal prioritera og løyva tilskot til investeringar i beitefelta.

Søknadsskjema vil vera å finna i Altinn, men det vil vera mogleg å søkja på papir. Søknaden skal sendast til den kommunen beitelaget ligg i.

Lokale retningslinjer

Dette er ei ny oppgåve for kommunen og det har ikkje vore tid til å laga nye retningslinjer enno. Fylkesmannen rår kommunane til at ein bruker dei same retningslinjene i 2020 som dei hadde for 2019, fordi det er viktig å få lyst ut desse midlane så fort som råd. Alver kommune har fått tildelt kr 20 000 frå fylkesmannen til denne ordninga.

Om ordninga

Føremålet med tilskotet er å leggja til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, reduserte tap på utmarksbeite og fremja fellestiltak i beiteområde

Midlane skal forvaltast i tråd med Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområde (FOR 2013-02-04-206) Generelt kan det gjevast tilskot til alle typar tiltak som fremjer beiting i eit område, men i hovudsak skal tiltaka vera stasjonære. Døme på aktuelle tiltak er:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for dyr og folk
- Sperregjerder for å sikra at dyr ikkje kjem over i farlege område
- Gjertarhytter/sankehytter

- Elektronisk overvåkingsutstyr

Prioriteringar for 2020

- Investeringar i teknologi knytt til beitebruk
- Faste installasjonar og kostnadskrevjande investeringar

Rettleiane timesatsar for eige arbeid

Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag og liknande) 350 kr/time

Bruk av traktor: 600 kr/time

Gravemaskin: 800 kr/time (eller etter rekning)

Tilskotssats vert tilpassa søknadsmengda

Søknad

Beitelag sender søknad om tilskot til kommunen.

Link til elektronisk søknadsskjema

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/tiltak-i-beiteomrader/hvordan-soke>

Link til søknadsskjema i papir

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/tiltak-i-beiteomrader/hvordan-soke/skjema>

Søknadsfrist 15. april 2020

Hugs naudsynte vedlegg som kart og løyver m.m. Kommunen avgjer søknaden.

Med helsing

Laila Bjørge
Rådgjevar
Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Austfjorden Beitelag
Dyrkolbotn Beitelag

Stallavegen 190 5993
Nordre 5314
Hauglandsvegen

OSTEREIDET
KJERRGARDEN

Mottakarar:

Nipo Haukeland Beitelag
Stusdalen Beitelag Sa

138
Gamlagjerdet 5 5357
Midtneset 31 5994

FJELL
VIKANES